

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Til: Sunnfjord og Høyanger kommune
Frå: Johannes Henrik Myrmel
Stad, dato: Førde / 2024-10-28
Kopi til: Fred. Olsen Renewables AS

► Planinitiativ Høyangerfjell vindkraftverk

Lokalisering:	Sunnfjord og Høyanger kommune. Planområdet med markering av areal i høvesvis Høyanger og Sunnfjord kommune er synt i figur 1.
Gjeldande eigedomar:	Store delar av fjellområdet er sameige. Om lag 70% av arealet innanfor Høyanger kommune har avklarte eigarforhold. I Sunnfjord kommune har om lag 55% av fjellområdet avklarte eigarforhold. Dersom ein går vidare med prosjektet vil arbeidet med avklaring av eigedomstilhøva fortsette. Fred. Olsen Renewables AS har etablert grunneigaravtalar med ein stor del av sameiga/grunneigarane innfor planområdet. Sjå vedlegg 1 og 2 for supplerande informasjon om eigedomstilhøva innanfor planområdet i Høyanger og Sunnfjord kommune.
Gjeldande planstatus:	For gjennomgang av planstatus vert det synt til gjennomgang under punkt g «forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldende reguleringsplaner og retningslinjer, og pågående planarbeid».
Plantype:	Områdereguleringsplan
Formålet med planen:	Etablering av vindkraftanlegg med tilhøyrande infrastruktur.
Anna informasjon:	Fred. Olsen Renewables AS har i samsvar med attendemelding etter rettleiingsmøte den 18. oktober 2024 samordna og rettar likelydande førespurnad til både Høyanger og Sunnfjord kommune. Heile prosjektarealet, dvs. planområdet i både Høyanger og Sunnfjord kommune er synt på figur 1. Vindkraftanlegg er konsesjonspliktig etter energilova. Plan- og konsesjonsarbeidet kan samordnast. I prinsippet har planarbeidet til formål å få avklara om det vert opna for anlegget, medan konsesjonsprosessane skal avklare korleis dvs. detaljar knytt til interne vegar og plassering av turbinar med tilhøyrande infrastruktur. Kommunane og NVE avklarar spørsmålet om samordning. Samordninga har til formål å unngå dobbeltarbeid gjennom at det vert utarbeidd felles plan og utgreiingsprogram/melding. Områdereguleringsplanen vil verte utarbeidd i samsvar med fastsett planprogram/melding. Konsekvensutgreiinga/-ne kan vere felles for planframlegget og søknaden om konsesjon.
Framlegg til plannamn:	Områdereguleringsplan Høyangerfjell vindkraftverk
Tiltakshavar:	Firma: Fred. Olsen Renewables AS (FORAS) v/Kjetil Bjørndalen Traaen Telefon: +47 473 46 792 E-post: kjetil.traaen@fredolsen.com
Fagkunnig:	Namn: Johannes Henrik Myrmel Firma: Norconsult Norge AS Telefon: +47 454 04 993 E-post: johannes.henrik.myrmel@norconsult.com

Notat

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS

Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Andre som stiller i møtet: Pål Gjesdal

Rekvirent: Norconsult Norge AS v/Johannes Henrik Myrmel

Dato: 28. oktober 2024

Underskrift:



Johannes Henrik Myrmel

Kort om framleggsstillar/tiltakshavar

Fred. Olsen Renewables AS (FORAS) er eit norsk kraftselskap, noko som sikrar at verdiskapinga vert liggande i Norge. Selskapet har eit langsiktig perspektiv gjennom heile prosjektet si levetid, og innehar majoritetseigarskap i 12 operative vindkraftverk i Skottland, Sverige og Noreg. I tillegg har Fred. Olsen Renewables ei stor utviklingsportefølje av prosjekt.

I denne type prosjekt er det viktig å involvere lokalsamfunn, og gje moglegheit for lokal involvering. Fred. Olsen Renewables har vore, og er framleis, open for å inkludere ein kommunal, statleg, eller industriell aktør på eigarsida av prosjektet.

Fred. Olsen Renewables AS er godt kjend med at industriaspektet er viktig for Høyanger-samfunnet. Hydro uttalte i september 2024 at: «*mange av straumavtalane til selskapet går ut i 2030, og Hydro vil då stå utan avtale på straum til ein konkurransedyktig pris. Og utan konkurransedyktig pris på straum, heller ingen konkurransedyktig aluminiumproduksjon*» og «*(..) om vi ikkje har kraft som er konkurransedyktig innan 2030, så er det ei utfordring å sikre vidare drift i Høyanger*».

Høyangerfjell vindkraftverk er open for å inngå ei langsiktig kraftavtale anten med kommunane eller forbrukarar. Høyangerfjell er eit modent prosjekt som kan realiserast raskt og gje kraft frå år 2030, utan at det går ut over demokratiske, forsvarlege og grundige plan- og utgreiingsprosessar. Det grunnast i at Fred. Olsen Renewables har arbeidd mykje med Høyangerfjell i perioden 2019 – 2024. Det er m.a. gjennomført jordskiftesaker, feltstudiar og detaljerte studiar for tilkomst, produksjonspotensial, risiko for ising og synlegheit m.m.

Norconsult Norge AS er godt i gang med utgreiingsarbeidet, og det er gjennomført vurdering/kartlegging av:

- Skjerma art i hekkesesongen 2020-2022.
- Kulturmiljø, naturmangfald (f.eks. fugl og naturtypar), landskap og friluftsliv med innleiande verdivurdering samt identifisert avbøtande tiltak.
- Sårbarheitsvurdering av drikkevassførekomstar/-kjelder med identifisering av risikoreduserande tiltak.
- Nærings- og samfunnsinteresser som femnar om kartlegging av ringverknadar.

Arbeidet har gjeve viktig kunnskap om fjellområdet og vil saman med andre supplerande studiar danne eit fagleg godt og gjennomarbeidd kunnskapsgrunnlag for vidare plan- og konsesjonshandsaming. FORAS sine førebelse vurderingar, bygger opp om NVE si vurdering i utgreiinga *Nasjonale ramme for vindkraft*, der det særskilt vert framheva at området har gode vindressursar samtidig som konfliktnivået mot miljø er skildra som avgrensa.

Høyangerfjell har potensial til å verte eit stort prosjekt i norsk målestokk. I tillegg til fleksibilitet i prosjektutforminga, kan dette gje reelle skalafordelar og ein lågare produksjonskostnad over levetida per kilowatt-time (LCOE). Ein lågare LCOE kan gje betre vilkår for ei eventuell langsiktig kraftavtale med industrien.

Bakgrunn for planinitiativet

Vindkraft på land skal etter endring i Plan- og bygningsloven (pbl) og Energiloven (enl), med verknad frå 1. juli 2023, områderegulerast før det kan gjerast vedtak om konsesjon etter Energiloven. Endringa fører til at landbasert vindkraft skal handsamast både som ei konsesjonssak av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), og som ei områderegulering mot planmynda (kommune). Plankravet følgjer av § 12-2, andre leidd i Plan- og bygningsloven.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

I samsvar med § 1 i «*Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*», skal tiltakshavar sende eit planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnaden om oppstartsmøte. Planinitiativet si viktigaste oppgåve er å starte dialogen mellom tiltakshavar og kommunen. Som grunnlag skal det følgje ei skildring av kva ein tenkjer å legge til rette for innanfor planområdet. Oppbygging og krav til innhald følgjer av § 1 i forskrifta, og er nærmare skildra under overskrifta *Planspørsmålet – grunnlag for avklaring av planspørsmålet*.

I Noreg er det gode føresetnader for vindkraft, med ein av Europa sine beste vindressursar. I følgje NVE vil det vere auka behov for elektrisitet i framtida. I tillegg må ein tilfredsstille globale krav om ny fornybar energi i arbeidet med å fase ut fossile energikjelder. Dette saman med å tryggje tilgangen til energi lokalt, er viktig i utviklinga av robuste og berekraftige lokalsamfunn, der ein legg grunnlaget for å ta vare på og utvikle både næringsliv og folkesetnad.

NVE har på oppdrag frå Energidepartementet (før Olje- og energidepartementet (OED)) utarbeidd *Nasjonal ramme for vindkraft*. Formålet var å identifisere område som er godt eigna for vindkraft, med gode vindressursar og avgrensa konflikt med samfunn og miljøomsyn. Sjølv om *Nasjonal ramme for vindkraft* var mykje omdiskutert, låg det eit godt og gjennomarbeidd kunnskapsgrunnlag i botn for NVE sine vurderingar. Høyangerfjell vindkraftverk er føresett lokalisert innanfor eitt av 13 område som NVE foreslo som betre eigna enn andre område. Høyangerfjell vart skildra som eitt av dei mest eigna områda for vindkraft i Noreg, sett frå eit nasjonalt perspektiv. Analyse- og utgreiingsarbeidet som Norconsult Norge AS har gjort for FORAS byggjer opp om konklusjonen til NVE.

Innleiande kartlegging og analyser som FORAS har utført syner at Høyangerfjell har potensiale for eit anlegg med ein installert effekt på opp mot 580 MW og om lag 80 turbinar. Venta årleg produksjon er på inntil 1900 GWh, dersom det vert opna for ei utbygging i både Høyanger og Sunnfjord kommune.

Ved full utbygging kan prosjektet gje kommunane 96 MNOK årleg gjennom eigedomsskatt og produksjonsavgift¹, fordelt med 62 MNOK årleg til Høyanger kommune og 34 MNOK til Sunnfjord kommune. Per veke utgjer det i gjennomsnitt om lag 1,2 millionar kroner til Høyanger kommune og 0,65 millionar kroner til Sunnfjord kommune.

Det er etablert ei tilskotsordning der kommunar, lag og organisasjonar kan søkje om støtte til natur- og friluftstiltak i område som er rørt av vindkraftanlegg. Produksjonen frå ei utbygging av Høyangerfjell kan gje mellom 3 – 4 MNOK årleg i tilskot.

I 2019 vart det avtalefesta mellom FORAS og grunneigarane i prosjektet at det skal etablerast to fond for allmenntilgjenglege formål, eitt i Høyanger og eitt i Viksdalen. Storleiken på fondet er på kr 10 000 årleg per turbin (indeksregulert frå 2019). Med 80 turbinar vil det gje meir enn 800 000 kroner i året.

¹ Føresetnader: 7 promille eigedomsskatt, 2,3 øre/kWh i produksjonsavgift.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Planspørsmålet – grunnlag for avklaring av planspørsmålet

Nedanfor er det gjeve informasjon om tiltaka som framleggsstillar ønskjer å få planavklart i Høyanger og Sunnfjord kommune. Informasjonen er basert på krava til innhald i § 1, andre leidd i «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven».

Grunnlaget er basert på kartleggings- og utviklingsarbeidet utført av Fred. Olsen Renewables AS i perioden 2019 – 2024 og kommunale planar supplert med informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

I § 1, andre leidd står det at planinitiativet i naudsynt grad skal omtale føresetnadar for det vidare planarbeidet og klargjere (forskrifta sin ordlyd er rykka inn og angitt med kursiv skrift):


Punkt a) *formålet med planen*

Formålet med områdereguleringsplanen er å legge til rette for etablering av vindkraftanlegg med tilhøyrande infrastruktur i Høyanger og Sunnfjord kommune. Planområdet i Høyanger kommune femnar om fjellområda mellom Høyanger sentrum og grensa mot Sunnfjord kommune. Planområdet i Sunnfjord kommune femnar om fjellområda mellom Senneset/Viksdalsvatnet/Oppedal og grensa mot Høyanger kommune.

Tiltakshavar ønskjer å kunne starte plan- og utgreiingsprosessen, dvs. utarbeide planprogram/melding som grunnlag for det vidare plan- og utgreiingsarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal tryggje at vesentlege verknadar for miljø og samfunn vert klarlagt og vurdert under planlegginga og når det skal takast stilling til om – og på kva vilkår etableringa av vindkraftanlegget kan gjennomførast.

Punkt b) *planområdet og om planarbeidet vil få virkningar utenfor planområdet*

Anlegget er planlagt i eit høgareliggende område med opa fastmark med lite vegetasjon.




Figur 1: Oversiktskart som syner framlegg til grense for planområdet i Høyanger og Sunnfjord kommune med svart samanhengande linje. Areal for tilkomstveg inn i området kjem i tillegg.

Prosjektarealet vist i figur 1 er på om lag 51 km², der ca. 31 km² er i Høyanger kommune og ca. 20 km² er i Sunnfjord kommune. Areal til tilkomstveg inn i fjellet kjem i tillegg. Området kan gjennom det vidare planarbeidet bli justert. Gjennom vidare arbeid vil FORAS lytte til grunneigarar, kommunane og lokalsamfunnet. Det gjeld både i forhold til avgrensing av planområdet samt plassering av turbinar. Dersom lokalsamfunnet meiner at planområdet bør ha ei anna avgrensing, eller ønskjer å redusere delar av planområdet, vil FORAS kunne gjere tilpassingar og framleis ha eit gjennomførleg prosjekt. Ved vesentleg endring av planområdet, vil årleg venta produksjon og tal turbinar i prosjektet verte redusert.

Det er jobba med alternative linjer for tilkomstveg til området. Val av veglinje er ikkje avgjort. Det har vore vurdert ilandføring i både Vadheim og Førde. Frå Førde er det både vurdert tilkomstveg via E39 mot Sande, og via Moskog-Holsavatnet-Viksdalen. Begge alternativa synt seg å vere omfattande og kostnadskrevjande.

FORAS har vurdert båt til kai i Vadheim som det mest aktuelle/realistiske alternativet. Frå Vadheim kan ein nytte eksisterande veg opp Indredalen til Markeset med ny tunnel (ca. 1300 meter) frå Mannebrekka til sør for Markeset. Eksisterande veg må utbetrast. På nordsida av Fossvatnet ved Lonestølen vert det føreslått etablert ny veg nordover til planområdet. I tillegg er det føreslått ny veg på sørsida av Monsdalsvatnet til planområdet. Alternativt til veg opp Indredalen, er veg langs E39 frå Vadheim mot Sande med tilkomst opp på fjellet frå Øksland eller Senneset.



Figur 2: Oversiktskart som syner framlegg til grense for planområdet i Høyanger og Sunnfjord kommune. Aktuelle tilkomstvegar til planområdet er vist med svarte stipla linjer.

Vurderingane av tilkomstvegar er gjort i ein tidleg fase, og kan difor verte endra som følgje av t.d. andre ilandføringsvegar, tilkomstvegar opp i fjellet og/eller endringar i prosjektet si avgrensing og omfang. Fleire vegalternativ kan bli del av plan- og utgreiingsarbeidet. For å sikre fleksibilitet i nøyaktig val av linje, vil ei buffersone bli lagt til veglinjene.

Verknadar utanfor området vil vere knytt til bl.a. visuell påverknad der turbinane vil vere eit nytt element som kan sjåast på lang avstand, skuggekast og støy. I tillegg kjem verknadar for bl.a. næring, sysselsetting og kommunale inntekter.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Punkt c) planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

Utbygd vil vindkraftverket bestå av vindturbinar med oppstillingsplassar, kraftlinjer, trafoar, vegar (tilkomst- og internvegar) og eventuelt driftsbygg.

Av det samla arealet på ca. 51 km² reknar ein med at 2-3 % av området faktisk vert rørt av direkte inngrep. Tiltakshavar reknar ein med at det vil kunne etablerast 80 turbinar med ein årleg produksjon frå arealet innanfor planområdet på ca. 1900 GWh.

Vindturbinane vil bestå av ein konisk sylinder i stål (tårn), rotorblad og maskinhus. Turbinane vil verte plassert med god avstand og forankra i fjell.

Tiltak innanfor planområdet vert normalt handtert gjennom konsesjonshandsaminga etter Energiloven. Interne vegar, turbinkonstruksjonar, trafoar, leidningsanlegg og kraftleidningar er døme på slike tiltak.

Punkt d) utbyggingsvolum og byggehøyder

Det førebelse planområdet der det er aktuelt med plassering av turbinar som synt på figur 1 er på om lag 51 km². I tillegg kjem areal for tilkomstveg.

Vindkraftverket vil ha ei maksimal effekt på 580 MW. FORAS har vurdert at ein har eit gjennomførbart prosjekt sjølv om det skulle bli avgrensa til areal i ein av dei to kommunane.

Turbinane som er vurdert som aktuelle for Høyangerfjell er venta å ha ei total høgde på om lag 200 meter. Grunna utviklinga av teknologi og for å sikre tilstrekkeleg fleksibilitet, ynskjer forslagsstillar at områderuleringsplanen legg til grunn ei øvre grense på ca. 250 meter. Med total høgde på turbinane er det meint høgda på turbinen frå bakkenivå og opp til tuppen av bladet, gitt at den peikar rett opp.

I det vidare arbeidet vil det bli lagt stor vekt på val av turbintype. FORAS reknar med ein avstand mellom turbinane på ca. 450 – 850 meter, avhengig av topografi og vindtilhøve. Vindmålingar og detaljprosjektering er naudsynt før ein kan plassere turbinane. I denne prosessen vil FORAS legge stor vekt på dialog med grunneigarar, lokalsamfunnet og lokale/regionale/statlege mynde.

Punkt e) funksjonell og miljømessig kvalitet

I arbeidet med utforming av anlegget vil det bli lagt vekt på å oppnå arealeffektiv utforming, terrengtilpassing av veganlegg samt ivaretaking av omsynet til naturverdiar og lokale brukarinteresser.

Avveginga mellom fordelar og ulemper ved etablering av vindkraftanlegg er ein balansegang mellom omsynet til natur og tilstrekkeleg tilgang på fornybar energi. Gjennom plan- og konsesjonsprosessen med konsekvensutgreiing vil det bli etablert eit vedtaksgrunnlag. Grunnlaget vil gje viktig informasjon om kvalitetar/verdiar i området som vil stå sentralt i vurderinga av verknadar/konsekvensar av tiltaka som planarbeidet har til formål å legge til rette for.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS

Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Punkt f) tiltakets virkning på, og tilpasning til, landskap og omgivelser,


Etableringa av vindkraftverk vil tilføre området nye byggverk/anlegg, der veganlegga og turbinane vil ha størst påverknad.

Grad av påverknad vil i stor grad vere knytt til høgda på og talet turbinar, samt plassering/linjeføring og lengda på nye/ombygde veganlegg.

Planområdet er påverka av tiltak etter kraftutbygginga som har føregått i fjellområdet. På avstand vil vindturbinane vere det mest dominerande elementet.

Punkt g) forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldende reguleringsplaner og retningslinjer, og pågående planarbeid

I kommuneplanen til Høyanger kommune, vedteken i 2016 (plan-id.: 201601) er arealet sett av som LNFR-areal (Landbruks-, natur- og friluftsområde), der naudsynte tiltak i landbruket kan gjennomførast. I tillegg er det sett av omsynssone - nedslagsfelt for drikkevatt og faresone ras/skred (sjå figur 3).




Figur 3: Utsnitt av arealdelen til kommuneplanen for Høyanger kommune, vedteken 14. mars 2016.

Kommunen har starta arbeid med revisjon av kommuneplanen. Framlegg til ny plan er høyrte. Arealbruken innanfor planområdet er ikkje vesentleg endra, men nedslagsfeltet for drikkevatt er utvida, samtidig som det er lagt inn ei rekke nye faresoner og soner som har til formål å synleggjere og ta i vare kvalitetar. Kvalitetane knyter seg til naturmangfald og landskap, med krav om utgreiingar som grunnlag for vedtak om gjennomføring av tiltak som kan påverke kvalitetane som er synleggjort med omsynssone i framlegget til revidert kommuneplan.

I kommuneplanen til Sunnfjord kommune, vedteken i 2024 (plan-id.: 4647_2021001) er arealet sett av som LNFR-areal (Landbruks-, natur- og friluftsområde), der naudsynte tiltak i landbruket kan gjennomførast. I tillegg vil prosjektet kunne røre ved ei rekke omsynssoner, herunder faresone (aktsemdområde) ras/skred og flaum, omsynssone landskap (differensiert forvaltningsplan for Gaularvassdraget), omsynssone naturmiljø

(myr/elv) og bandleggingsområde høgspenitanlegg. Til både arealformål og omsynssoner er det knytt ei rekke føresegner.



Figur 4: Utsnitt av arealdelen til kommuneplanen til Sunnfjord kommune, vedteken 20. juni 2024.

Punkt h) vesentlige interesser som berøres av planinitiativet

Kva for vesentlege interesser som vil kunne verte rørt er føresetta fanga opp og utgreia gjennom den vidare plan- og utgreiingsprosessen.

Det skal utarbeidast deltemautgreiing for aktuelle deltema, der planen kan få vesentlege verknadar. I oppstartmøtet og arbeidet med planprogram vil det verte teke utgangspunkt i NVE sitt notat² med framlegg til nye utredningskrav for vindkraftanlegg. Behovet for utgreiingar vil verte konkretisert og avgrensa i fastsett planprogram, der det vert gjort ei tematisk vurdering av konsekvensar for den endra arealbruken.

FORAS har starta arbeidet med kartlegging og systematisering av kvalitetar knytt til; landskap og visuell påverknad, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, naturmangfald, drikkevatt og samfunnsmessige verknadar. Tilhøva er vurdert som vedtaksrelevante. Innsamla informasjon vil verte gjennomgått i oppstartmøtet. I oppstartmøtet vil det i tillegg vere naturleg at ein er innom tema; verneinteresser, verna vassdrag (Gaularvassdraget), helseverknadar, drikkevatt/vasskjelder, forureining, støy, refleksjon og skuggekast, iskast, naturressursar/stadbunden næring med fokus på utmarksressursane, luftfart, verdiskaping, reiseliv, elektrisk kommunikasjon og klimagassutslepp.

Punkt i) hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas, blant annet gjennom å forebygge risiko og sårbarhet

Risiko- og sårbarheitsanalysen skal i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova følgje planframlegg og vise alle risiko- og sårbarheitsstilhøve som er av betydning for om arealet er eigna til planlagt formål, og eventuelle

² https://www.nve.no/media/14070/forslag-til-mal-for-ku-krav-3997281_7_0.pdf

endringar som følgje av planlagde tiltak. Analysen vil vere ein del av grunnlaget for utforming av planframlegget og avsetting av omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Store delar av anlegget er føreslått plassert innanfor nedslagsfeltet for offentlege og private drikkevasskjelder. Omsynet føreset at det truleg må leggest til grunn særskilde krav både til utforming av anlegget, gjennomføringa av risikoreduserande tiltak og beredskapen, både i drifts- og anleggsfasen. Innleiande sårbarheitsvurderingar syner at både private og kommunale vasskjelder er lite til moderat sårbare for forureining. Omsynet vil bli følgt opp med kartlegging i samsvar med NVE sine krav om «*grundig stedsspesifikk kartlegging av alle brønner og vannkilder som kan tenkes påvirket av et vindkraftanlegg*» og vil gjennom det vidare plan- og utgreiingsarbeidet bli teke vidare til ei detaljert og hendingsbasert risikovurdering, der bl.a. fara for forureining og avbøtande tiltak vil bli nærmare vurdert. Vurderingane vil omfatte både bygge- og driftsfasen.

Punkt j) *hvilke berørte offentlige organer og andre interesserte som skal varsles om planoppstart*

Aktuelle høyringsinstansar vil verte avklara i dialog med kommunen og eventuelt NVE.

Punkt k) *prosesser for samarbeid og medvirkning fra berørte fagmyndigheter, grunneiere, festere, naboer og andre berørte*

FORAS har fått på plass grunneigaravtalar for ein stor del av areala i kommunane og ein god del av arealet er matrikkelført.

Grunneigaravtalar i Høyanger kommune

FORAS har grunneigaravtalar for 100% av Håland-sameige (61/22), 100% av Hjetland-sameige (60/490) og ca. 2/3 av Sæbøe-sameige (63/414). Desse sameiga representerer ca. 67% av det totale planområdet i Høyanger. I tillegg er det inngått grunneigaravtale for ein mindre del av sameiget rundt Sørskyrva-Smådalsholten, mot Seltuftelva (heilt vest i området). Jordskiftesakene for sameiga Sæbøe, Hjetland og Håland er ferdige og matrikkelførte, sjå figur 5.

Grunneigaravtalar i Sunnfjord kommune


Slik FORAS oppfattar situasjonen, utgjer grunneigaravtalene ca. 35-40% av gbnr. 115/10, 100% av gbnr. 106/7, 100% av gbnr. 110/1, 100% av Tormodset-sameiget (gbnr. 111/1-2), ca. 73% av Espeset/Hestebeit-sameiget, ca. 98% av gbnr. 118/21 og ca. 3% av Oppedal-sameige (gbnr. 114/20).

Oppsummert er status i Sunnfjord kommune per oktober 2024 at ca. 50% av det samla arealet er matrikkelført. I tillegg har det pågått/pågår jordskiftesaker for eit større område.

Slik FORAS forstår situasjonen, er det for det samla prosjektområdet ferdigstilt og/eller starta jordskiftesak på eit areal som totalt representerer 75 % av arealet. Sjå figur 5 for informasjon om matrikkelinformasjon per oktober 2024.

FORAS har i løpet av prosjektperioden vore i dialog med alle grunneigarane innanfor planområdet kor det er aktuelt å plassere turbinar, og er innstilt på å halde fram dialogen for dei delane av arealet der det per i dag ikkje er inngått grunneigaravtale med FORAS. Vidare dialog med grunneigarane kan medføre behov for justeringar/reduksjon av planområdet.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002



Figur 5: Matrikkelinformasjon per oktober 2024 med status vist med raude grenselinjer.

Etablering av anlegget føreset både planavklaring og at det vert gjeve konsesjon etter Energiloven. I § 12-1 i Plan- og bygningsloven er det opna for at prosessen med handsaming/produksjon av områderegeringsplan og konsesjon kan samordnast.

Gjennom arbeidet med utarbeiding av planprogram/melding vil det bli utarbeidd plan for medverknad.

Formålet med planen for medverknad er å fange opp og ivareta merknadar frå samfunnslivet, mynde og relevante interessegrupper gjennom hele plan- og konsesjonsprosessen. Planprosessen vil verte gjennomført i samsvar med krava til prosess i Plan- og bygningsloven og Energiloven for plan- og konsesjonssaker.

Partar, lag og organisasjonar, samt mynde vil bli direkte tilskrivne og gjeve moglegheit til å komme med merknad/innspel, ved:

- Varsel om planoppstart og høyring av framlegg til planprogram/melding.
- Høyring av planframlegg med tilhøyrande konsekvensutgreiing og ev. konsesjonssøknad.

I tillegg kan plan-/konsesjonsvedtak klagast på av partar med rettsleg klageinteresse.

Oppstart, høyring og vedtak vil verte kunngjort i dei to lokalavisene Firda og Ytre Sogn avis samt via elektroniske media. Alle merknadar/innspel vil verte handsama av høvesvis kommunane/NVE.

I tillegg vil det bli arrangert ope folkemøte både i samband med varsel om oppstart/høyring av planprogram/melding samt høyring av planframlegg/søknad om konsesjon. Møta vil verte gjennomført i samarbeid med kommunen og NVE.

For å sikre ytterlegare medverknad vil det bli utarbeidd ein eigen tiltaksplan av FORAS. Tiltaksplanen har til formål å informere om prosjektet, samt fange opp synspunkt gjennom hele plan- og konsesjonsprosessen. Planen skal vere dynamisk og operativ. Det kan t.d. vere aktuelt å etablere samrådgrupper, møteplassar der ein m.a. kan møte det lokale næringslivet og opprette portal for innsamling av supplerande informasjon og publisering av relevante dokument/informasjonsmateriell.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS

Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Punkt I) vurderingen av om planen er omfattet av forskrift om konsekvensutredninger, og hvordan kravene i tilfelle vil kunne bli ivaretatt.

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram.

Det skal utarbeidast områderuleringsplan som har til formål å legge til rette for etablering av vindkraftanlegg på land med ein installert effekt på meir enn 10 MW. Områderuleringsplanen skal vere overordna og legge rammer for seinare tiltak. Tiltaka fell innanfor verkeområdet til vedlegg I, punkt 28 i forskrifta. Planarbeidet vert fanga opp av § 6 bokstav a) i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planen er omfatta av forskrifta § 6 a) med krav om planprogram.

Føresegnene om konsekvensutgreiing har utspring både i SEA- og EIA-direktivet. Forskrifta dekkjer begge. SEA-direktivet har reglar og konsekvensutgreiingar og prosessar for *overordna planer og program* som legg føringar for seinare tiltak og prosjekt. EIA-direktivet gjeld for vedtak som gjev grunnlag for *gjennomføring av tiltak*. Av § 6 a) går det fram at det er krav om handsaming i samsvar med SEA-direktivet.

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
J01	2024-09-2704	For bruk.	JoHM	MiDun	JoHM
J02	2024-10-24	Ny felles versjon for Sunnfjord kommune og Høyanger kommune.	JOHM	AnMGj	JoHM

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Vedlegg 1:


Rørte partar innanfor planområdet i Sunnfjord kommune der det er aktuelt med turbinplasseringar:

Matrikkelførte sameige/eigedommar:

Gbnr. 118/21, 114/20, 105/10 og 106/7.

Umatrikulerte sameige/eigedomar. Her kan det vere uvisse knytt til eigartilhøva/grenser. Informasjonen er basert på tiltakshavar si forståing av eigedomsforholda og vert oppgjeve med atterhald om endringar som oppstår i ei jordskiftesak.

Gbnr 113/1-5, 110/1, 108/1, 109/1, 125/1,2,5 og 112/1.



Oppdragsgjevar: Fred. Olsen Renewables AS
 Oppdragsnr.: 52407039 Dokumentnr.: N002

Vedlegg 2:

Rørte partar innanfor planområdet i Høyanger kommune der det er aktuelt med turbinplasseringar:

Matrikkelførte sameige/eigedommar:

Gbnr. 63/414, 60/490, 61/22 og 62/242.

Umatrikulerte sameige/eigedomar. Her kan det vere uvisse knytt til eigartilhøva. Informasjonen er basert på tiltakshavar si forståing av eigedomsforholda og vert oppgjeve med atterhald om endringar som oppstår i ei jordskiftesak.

Gbnr. 41/1,3.

Gbnr. 36/1-2, 38/1-2 og 40/1.

